

# Planar, strategiar og ambisjonar i Suldal kommune Skog- og trenæringa

Rogaland Skognæringsforum  
Sand 25.05.23

v/bygdeutviklingsleiar  
Dagfinn Svadberg Hatløy - Suldal kommune



Suldal – den sirkulære landbrukskommunen

# Aksjonsplan Landbruk frå 2013

Sagt i planen 2013:

## Utfordringar

### *Tradisjonelt landbruk*

Det er ei utfordring å halda oppe tal gardsbruk og produksjon av tradisjonelle landbruksprodukt samstundes som ein får ein tidsmessig og meir **robust bruksstruktur**. Slik situasjonen er nå kan det vera viktigare å halda oppe produksjonen enn tal bruk.



# Aksjonsplan Landbruk frå 2013

## Sagt om skogbruk:

*«For skogen er det ei utfordring å auka avverkinga av gammal, glissen naturskog, og heller utsetja hogsten av gran, som i dag gjerne vert hogd for tidleg.*

*Vidare er det ei utfordring å sørnja for ny kvalitetsskog på hogstfelta. Skogbruket er i dag prega av større entreprenørdrifter, med god økonomi på hogst av gran.*

*Høgare driftsutgifter og avsetningsvanskar er skranken for meir hogst av furu, som fagleg hadde vore mest ønskeleg. Dette er tilhøve der ein lokalt har liten påverknad, men aktiv haldning og økonomisk støtte frå kommunen for bygging av gode skogsveggar er ein viktig faktor. At hogstflatene vert tilplanta med kvalitetsskog og at ungsbogen får pleie krev ei aktiv haldning frå kommunen, og skogkulturtilskotet er avgjerande»*



# NY KOMMUNEPLAN SULDAL 2023-2034

## Visjon



***– eit levande samfunn, rik på naturressursar og kreativ kraft***

***Eksotisk:** Storslått natur, spanande kontrastar og sanseopplevingar.*

***Aktiv:** Levande, stå-på vilje, engasjement, kreativitet, kultur –og naturbaserte aktivitetar.*

***Trygg:** Naturleg, stolte og vennlege menneske, gode oppvekst – og levekår, lite kriminalitet*

## ***Skattkammeret Suldal***

Å leva, bu og trivast

Attraktiv

Grøn

Nyskapande  
arbeidsgjevar

# KOMMUNEPLAN SULDAL 2023-2034

## Suldal – berekraftig framtid

Berekraftig utvikling handlar om å møta dei behova me har i dag, samstundes som me ikkje øydelegg dei framtidige generasjonane sine moglegheiter til å deka sine behov. Regjeringa har forplikta Norge til å arbeida for å nå måla, og det er klare forventningar om at kommunane legg FN sine berekraftsmål til grunn for samfunns- og arealplanlegginga. Suldal kommune vil bidra til å arbeida mot desse måla, og kommuneplanen er bygd opp etter desse.

### Samarbeid for å nå måla

Samarbeid, kommunikasjon og medverknad er ein føresetnad for å nå berekrafts-måla. I Suldal skal me derfor arbeida for å ha eit aktivt lokaldemokrati. Suldal kommune skal leggja til rette for medverknad og dialog, sikra opne prosessar og fremja deltaking.

### Sosial berekraft

Sosial berekraft inneber at me, saman, skaper eit samfunn der alle har moglegheiter til utdanning, arbeid, god helse og kan leva utan å verta diskriminerte. Fellesskap, likeverd og toleranse må vera grunnsteinane. Innbyggjarane skal ha like moglegheiter til å delta i samfunnsutviklinga, og til å vera aktive i forminga av eige liv. Under hovudmålet «å leva, bu og trivast» har me samla hovudsatsings-områda me skal arbeida med, for å få god, sosial berekraft i kommunen.

### Økonomisk berekraft

Økonomisk berekraft handlar om ansvarleg forbruk og produksjon, økonomisk vekst med mindre belastning på miljøet, samt rettferdig og anstendig arbeid. Berekraftig utvikling inneber at det skapast verdiar i lokalsamfunnet som held oppe eit godt velferds- og tenestetilbod. Under hovudmålet «attraktive Suldal» har me samla hovudsatsingsområda for å få god økonomisk berekraft i kommunen.

### Miljømessig berekraft

Miljømessig berekraft inneber å utvikla samfunnet innanfor planeten si tolegrense og redusera tapet av biologisk mangfald. Klimaendringane må reduserast, samstundes må me tilpassa oss konsekvensane av endringane som er her i dag. Under hovudmålet «Grøne Suldal» har me samla hovudsatsingsområda for å få god, miljømessig berekraft i kommunen.



# NY KOMMUNEPLAN SULDAL 2023-2034

## Suldal mot 2034



### Å leva, bu og trivast

- Alle barn og unge i Suldal skal kvar dag oppleva meistring i eit inkluderande og trygt oppvekstmiljø som fremjar livslang læring.
- Suldal skal vere ein god plass å leva heile livet
- Suldal skal vere ein open og inkluderande kommune der alle kan føle seg heime
- Suldal skal ha aktive innbyggjarar som deltek i utviklinga av eige lokalsamfunn
- Suldal skal vere ein spyspiss i kulturlivet i regionen med fokus på kvalitet, breidde og mangfald



### Attraktive Suldal

- Suldal skal vere ein kommune det er attraktivt både å flytte til og bli buande i
- Suldal skal vere attraktiv for eksisterande og nye næringar
- Suldal skal ha eit robust, framtidsretta og berekraftig landbruk
- Suldal skal arbeide for god infrastruktur i heile kommunen
- Suldal skal aktivt arbeida for eit godt regionsamarbeid



### Grøne Suldal

- Suldal tar vare på sitt særpreg gjennom god forvaltning av natur og kulturlandskapet
- Suldal skal legge til rette for det «grøne skiftet» og ta ei aktiv rolle for å redusere klimagassutslepp
- Suldal skal arbeide for å fremme berekraftige forbruk og produksjon
- Suldal skal være ein klimarobust kommune



### Nyskapande arbeidsgjevar

- Suldalpakken skal syne kva Skattkammeret Suldal har å by på
- Suldal kommune skal vera ein lærande organisasjon
- Suldal kommune skal nytta samskaping i utvikling av organisasjonen
- Suldal kommune skal vera ein nyskapande arbeidsgjevar
- Suldal kommune skal vere førebudd på endring i inntekter

# NY KOMMUNEPLAN SULDAL 2023-2034

## Samfunnsdelen

Suldal skal ha eit robust, framtidsretta og berekraftig landbruk

- Jobba for gjensidig forståing mellom overordna mynde og landbruket
- Styrkja og utvikla hald av beitedyr som viktig næring og produksjon, for å halde oppe kulturlandskap og artsmangfald
- Arbeida for eit berekraftig og aktivt skogbruk med fokus på skogkultur, skjøtsel og rettleiing, og fremja bruk av tre i det grønne skifte
- Utvikla og utnytta potensiale for ulike tilleggsnæringar
- Ha ei streng haldning til fritak frå buplikta på landbrukseigedomar
- Bidra til gode generasjonsskifte i landbruket, slik at det vert attraktivt for unge å satsa på landbruk
- Ha eit strengt jordvern i saker som gjeld frådelling og om disponering

«Det er viktig at me, i åra som kjem, tek ei aktiv rolle i arbeidet med å redusera utslepp og leggja om til eit meir klimavennleg energiforbruk. Like viktig som å redusera utslepp, er det å halda på naturen si evne til å binda CO2. Suldal har mykje utmark, skog, myr og landbruksareal som er viktig for CO2 lagring»

# NY KOMMUNEPLAN SULDAL 2023-2034

## Samfunnsdelen

### Grøne Suldal

<i>Me vil at</i>	<i>Derfor skal me</i>
Suldal tar vare på særpreget sitt gjennom god forvaltning av natur og kulturlandskapet	<ul style="list-style-type: none"><li>• Leggja til rette for gode og tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde</li><li>• Ha god forvaltning av og formidle verdiane som ligg i kulturminne og kulturmiljø</li><li>• Ha god forvaltning av og formidle verdiane av naturmangfald og biologisk mangfald</li><li>• Ha god lokal forvaltning av dei ulike verneområda i kommunen</li></ul>
Suldal skal leggja til rette for det «grøne skiftet» og ta ei aktiv rolle for å redusera klimagassutslepp	<ul style="list-style-type: none"><li>• Leggja til rette for energisparing og fornybare energiløysingar både i kommunal og privat regi</li><li>• Ha kommunale bygg og anlegg med innovative, fornybare og lønsame energiltak</li><li>• For kommunale bygg, vurderer og velja klimavenlege byggemateriale, medrekna tre, i staden for betong og stål, der det er mogleg og tenleg</li><li>• Arbeida for at me får ei berekraftig næringsutvikling med minst mogleg klima- og naturavtrykk</li><li>• Stilla klima- og miljøkrav i kommunen sine innkjøp og investeringar</li><li>• Ha ein langsiktig arealstrategi for å ta vare på matjord, produktiv skog, myr, våtmark og andre karbonrike areal</li><li>• Arbeida for å få på plass ladeinfrastruktur på knutepunkt i kommunen</li></ul>



# KOMMUNEPLAN SULDAL 2023-2034

## Føresegner arealdelen

2.4.2. LNF-område med høve til spreidd bustad-, fritids- og næringsbusetnad

Område kor det er tillat å gje løyve til spreidd utbygging etter fylgjande føresegner:

**Føresegner:**

b) Utbygging skal ikkje skje på dyrka mark, i plantefelt eller i produktiv skog, eller vera i konflikt med landbruks-, natur-, kulturlandskaps- eller friluftsiinteresser, skytebanar eller nedslagsfelt for drikkevatt.



# Anna «planverk»

- Kulturminneplan for Suldal – kommunestyre 19.06. 2018
- SMIL Strategi 2023-2030
- Aksjonsplan Landbruk 2013-2025





# Suldal eit landbruk i endring



1887 Stropa ved Suldalsosen  
Foto: Axel Lindahl, Norsk Folkemuseum



2017  
Oskar Puchmann



# Anna fokus på skog og tre Suldal kommune

-Årleg Landbrukspris

-Årleg Byggeskikkpris

Pris for god byggeskikk, bygningsvern og landskapstilpassing. Det kan delast ut pris i tre kategoriar:

- Rehabilitering/restaurering
- Nybygg
- Terrengtiltak som t.d. vegar



Suldal

SULDAL  
KOMMUNE

Suldal Foto, Jarle Lunde

### Byggeskikkpris 2022

Suldal kommune kan kvart år dela ut pris for god byggeskikk, bygningsvern og landskapstilpassing. Det kan delast ut pris i tre kategoriar:

- Rehabilitering/restaurering
- Nybygg
- Terrengtiltak som t.d. vegar

### Landbrukspris 2022

Suldal kommune deler årleg ut pris til ein bonde som har utmerkt seg på ein sær sars positiv måte. LMT-utvalet deler ut prisen.

Suldal kommune oppmodar publikum om å føreslå kandidatar til prisane.

Forslag kan sendast på e-post [postmottak@suldal.kommune.no](mailto:postmottak@suldal.kommune.no) eller til Bygdeutvikling, Eidsvegen 7, 4230 Sand.

**Frist: 15. november**



# Kommunale støtteordningar Suldal kommune

- Kommunal næringsstøtte til landbruket: Nydyrking, beiterydding, grøfting, kjøp av mjølkekvote, bygging driftsbygningar, skogkultur m.m. - Kr 1,4 mill årleg
- Tilskot kulturminnevern – kr 180 000,- årleg
- UKL Suldal – Hamrabø, Mogleiv kr 600 000,- årleg
- Ryfylkemuseumet 1,5 mill frå vertskommunen Suldal
- Byggeskikkpris - tre kategoriar (nybygg, restaurering og tiltak i terrenget)

# Suldal - den sirkulære skogbrukskommunen



Gjenbruk, ombruk og ny bruk av bygningar



## Suldal - den sirkulære skogko





## Suldal - den sirkulære skogkommunen

- Suldal kommune ein pådrivar eller sinke for bruk av trevirke i bygg?
- Konesjonskraft bremsar satsing på bioenergianlegg, flisanlegg?
- Hogst av furu, bjørk og lauvskog kan aukast
- Meir lokal foredling av trevirke
- Kor stor del av trelast som blir seld i Suldal er frå Suldal eller Ryfylke?



**Solarenergi:** Aktuelle tiltak kan være solceller på låvetak, lokale bioenergianlegg eller en mer klimavennlig maskinpark. Foto frå Vågå: Øystein Heggdal

Lillestrøm oppretter  
lokalt Bionova-fond

**Lillestrøm kommune oppretter et lokalt Bionova-fond. De overfører 4,95 millioner kroner til det nyopprettede fondet.**

Tekst: Linda Sunde



# Moglegheitar, dilemma og utfordringar i ein vidstrekt skogbrukskommune

- Storleik og mykje areal
- Transportavstandar og kostnader
- Effektiviseringskrav i skogbruket
- Avgrensa nærmarknad – avgrensa lokal foredling
- Utfordrande topografi og bruksstruktur for bruk av hogstmaskinar
- Økonomien i jord- og skogbruket – investeringar og tid i skogen krev lønsemd



# Me treng meir resultat innan skog- og trenæring i Suldal

«Ønskeliste»:

- Flisfyringsanlegg
- Signalbygg i tre
- Auka produksjon i dei bygdesagbruk me har
- Fleire driftsbygningar i tre
- Kommunale innkjøp lokalt
- Hyttebygging med mindre miljø – og klima fotavtrykk
- «Kraftlandsby» Sand og Jelsa - bygge i tre  
(leilegheitsbygg til ny arbeidskraft og innbyggjarar WWJ og Norsk Stein)
- Produksjon av biokull
- *Det er betre å vedlikeholde enn å reparere, det er bedre å reparere enn å skifte ut*». – Riksantikvaren, rettleiar om energisparing i gamle bygg